



SOGN OG FJORDANE
Sogn
Luster (Jostedalen)

Eigar : Margot Berge, f. 1911, Dag
Hammarskjøldsv. 143, 5033 Bergen.
Tidl.e: Maria Jonsen, f. Haugen. (bestemor
til eigar). Mor til bestemora var fra
Kronen i Jostedalen.

LIV

Mat.: Blåraud (rosaraud) silkedamask, fôr av linlerret. Kanting med brunsvart fløyel, merke etter tre par maljer. Hekte og krok nede. Sytråd av ubleika lintråd. Snitt: Empire. Bakovertrekte, skrå skuldersaumar og langt framovertrekte sidsaumar. Høgt liv. Høgde rygg: 29 cm, breidde rygg målt ved skuldersaum: 17,5 cm, vidde liv: 66,5 cm, breidde selar: 5,5 cm, høgde under erme: 8,7 cm, breidde kanting: 3 cm. Saum: Attersting i silken, faldesting i fôret. Kantingane er sydd til frå retta med attersting og bretta over til vranga der den er sydd ned med faldesting. Fløyelen er klypt på rett, ikkje på skrå.

Reg.nr : 1426/1994/0005
Reg.dato: 1994.11. Magny S. Karlberg.
Fotonr : 1534/1 1534/2 1534/15 1534/36
Lb 9189 9149 9150 Ll. 71/14 71/35